

List of Signatures

Page 1/1

**ÅPENHETSLOVEN redegjørelse 2025 .pdf**

Name	Method	Signed at
Møgster, Ingrid	BANKID	2025-06-23 11:18 GMT+02
Møgster, Karsten Inge	BANKID	2025-06-20 12:38 GMT+02
Møgster, Johannes Njåstad	BANKID	2025-06-20 09:11 GMT+02
Rydland, Tom	BANKID	2025-06-20 07:39 GMT+02
Bjånesøy, Rasmus Møgster	BANKID	2025-06-19 15:03 GMT+02
Drønen, Hilde	BANKID	2025-06-23 22:48 GMT+02



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 692B28B750FF45C3BFACA9D2F70A2362

REDEGJØRSEL ÅPENHETSLOVA

Langøylaks AS

01.06.2025

1. SELSKAPET SIN REDEGJØRSEL ETTER ÅPENHETSLOVA FOR 2025

1.1 Innledning

Formålet med åpenhetslova er å fremma verksemder sin respekt for menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold, samt sikra allmennheten tilgang på informasjon. Forbruksrådet si hensikt med åpenhetslova er og å bevisstgjera selskapa til å jobba aktivt med ansvarlighet.

Langøylaks skal kvart år utføra aktsomhetsvurderingar i henhold til åpenhetslova og offentleggjera ei redegjørsel av vurderingane.

Denne redegjørelsen omfattar aktsomhetsvurderingane selskapet har gjennomført i 2024 og hittil i 2025.

Redegjørelsen omfattar og tiltak som er vurdert og iverksett for å redusera risikoen for negative konsekvensar selskapet sin aktivitet og forretningspartar kan ha for på grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold.

1.2 Kontaktinformasjon

Informasjon om denne rapporten kan rettast til:

Langøylaks AS

Siv Ingerid Østervold

Siv.ostervold@langoylaks.no



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
692B28B750FF45C3BFACA9D2F70A2362

1.3 Rapporteringsplikt

Verksemda har hovudkontor på 53 A Møkster, 5387 MØKSTER og hører heime i Norge.

Årleg omsetnad og balansesum gjer at Langøylaks er underlagt åpenhetslova og selskapet er pliktig til å offentleggjera ein redegjørelse iht. Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggjande menneskerettigheter § 3.

2. SELSKAPET SIN VIRKSOMHET

2.1 Organisering og driftsområde

Langøylaks AS er ei familiebedrift med hovudkontor på Møkster i Austevoll kommune. Selskapet har tre matfiskkonsesjonar og driv med oppdrett av laks i sjø, i hovudsak i Austevoll kommune, men har også eit samarbeid med Havkar Drift om samdrift i Bremanger og i området kring Måløy.

Langøylaks har 12 fast tilsette, i tillegg til lokal ungdom som jobbar som helg- og ferievikarar.

Selskapet tilbyr følgjande produkt og/eller tjenester;

Produksjon av atlantisk laks i merder i sjø.

2.2 Interne retningslinjer

Langøylaks har eigne rutiner for korleis arbeidet med menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold vert forankra. Rutinen omfattar selskapet sitt arbeid for å oppfylla krava i åpenhetslova.

Verksemda sine rutiner er forankra og vedtekne i styret i Langøylaks AS 06.09.23.

Rutinen er kommunisert til dei tilsette og ligg tilgjengeleg på verksemda si heimeside og intranett, samt på nettsidene til Salmon Group.

Rutinene fortel korleis selskapet gjennomfører aktsomhetsvurderingane sine og korleis ein vurderer tiltak. Rutinene inneheld og informasjon om verksemda sine varslingskanaler og klagemekanismer som skal bidra til å avdekka negative konsekvenser for grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold knytta til aktiviteten i selskapet, og korleis slik informasjon vert fulgt opp.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
692B28B750FF45C3BFACA9D2F70A2362

2.3 Målsetning og framdrift

2.3.1. Overordna om mål og framdrift

Me arbeider kontinuerleg med å foreta vurderingar ved bruk av forretningsforbindelsar (leverandører og forretningspartnarar) og risiko knytta til aktivitetane i verksemda, samt tiltak for å nå måla.

2.3.2 Mål for komande år

Me i Langøylaks har sett oss konkrete mål for arbeidet med åpenhetslova:

Målsetjing:

Status:

Me skal vidareutvikla akt somhetsvuderinga på
bakgrunn av erfaringane me gjer

Pågår

Me skal heva kompetansen internt i i verksemda vår
og blant eigarane våre
når det gjeld bærekraft og ansvarleg praksis for innkjøp

Pågår

Me skal jobba for tettare samarbeid med leverandørar,
bransjeorganisasjonar og konkurrentar i samband med
oppfølging av å ivareta menneskerettigheter i leverandørkjeda.

Pågår

Me skal gjennomføra minst ein revisjon med fokus på
menneskerettigheter kvart år

Planlagt for 2025

Marine råvarer



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
692B28B750FF45C3BFACA9D2F70A2362

3. AKTSOMHETSVURDERINGER

3.1 Overordna om verksemda sitt fokus på aktsomhetsvurderingar – metodikk

Langøylaks AS gjennomfører aktsomhetsvurderinger av verksemda vår, og av leverandørkjeda knytta til innkjøpsavtalene me forhandlar fram på vegne av eigarane våre. Aktsomhetsvurderingane vert gjennomført etter mønster frå OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap. Formålet med aktsomhetsvurderingane er å avdekka forhold som potensielt kan ha og/eller faktisk har hatt negative konsekvensar på grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsvilkår.

I kartleggingsarbeidet har Langøylaks nytta, saman med Salmon Group, ei digital plattform for handtering av sosial risiko i leverandørkjeda levert av Ignite Procurement AS for å forenkla, kvalitetssikra og effektivisera gjennomføringa av aktsomhetsvurderingane. Plattforma forenklar gjennomføringa av aktsomhetsvurderingar i tråd med krava i åpenhetslova. Gjennom plattforma har Langøylaks fått ei systematisk oversikt over fyrsteleddsleverandører, forretningspartnerar og andre underleverandører, samt innleiande vurderinger av risikoen for negativ påverknad på grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold. Basert på denne oversikta har plattforma gjort innleiande vurderinger av risikoen for negativ påverknad på grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold. Dei innleiande vurderingane gjev ein høg, middels eller lav risiko basert på geografi og bransje. Risikoprofilen vert justert i henhold til vårt vidare arbeid som inkluderer mellom anna dialog, dokumentasjon og revisjon.

3.2 Verksemda si leverandørkjede og forretningspartnerar

I tråd med prinsippet om risikobasert tilnærming har me og i år prioritert leverandørane knytta til kjerneverksemda vår.

Langøylaks har hatt kommersielle relasjoner med 173 fyrsteleddsleverandører i rapporteringsåret. Dei aller fleste av verksemda sine fyrsteleddsleverandører er lokalisert i Norge. Enkelte av leverandørane har fleire underleverandørar i høgrisikojursdiksjoner, som generelt inneber ein høgare risiko for brot på menneskerettigheter og arbeidsvilkår.

Med utgangspunkt i ei oversikt over samtlege leverandørar har me kategorisert leverandørane våre og underleverandører i kategoriane lav, middels og høg risiko. Og i 2024 fokuserte me på leverandørane med høgast risiko, leverandørar av fôr.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
692B28B750FF45C3BFACA9D2F70A2362

Fôr

Kategorien fôr har høgast ibuande risiko for brot på arbeidstakar- og menneskerettigheter, då råvarene føret består av vert handla globalt i ei kompleks verdikjede. Internasjonale data viser at landbruk, skogbruk og fiskeri er blant dei sektorane med høgast risiko for menneskerettighetsbrot globalt. Det gjeld særleg risiko for barnearbeid, tvangsarbeid, og moderne slaveri, noko som gjer det til ein prioritert del av aktsomhetsvurderingane våre.

Ifølge FNs internasjonale arbeidsorganisasjon (ILO) og UNICEF er det estimert at over 160 millioner born er i barnearbeid globalt (2020). Av desse arbeider omtrent 112 millioner born i jordbruk, skogbruk og fiske – noko som utgjer over 70 % av totalen. Born i denne sektoren utfører ofte fysisk krevande og helsekadelege oppgåver, ofte utan nødvendig verneutstyr, skulegang eller rettsleg beskyttelse.

ILO og Walk Free Foundation estimerer i rapporten sin frå 2022 at over 27,6 millioner mennesker globalt er ofre for tvangsarbeid, og av desse arbeider ca. 4 millioner personer i jordbruk, skogbruk og fiskeri. Tvangsarbeid i desse sektorane inkluderer gjeldsslaveri, rekruttering under tvang, og brot på retten til organisasjonsfridom. Risikoen er særleg høg i uformelle og sesongbaserte arbeidsforhold og blant migrantarbeidarar.

For Salmon Group og Langøy laks er fôr kategorien med høgast spend, strategisk viktighet og størst påverknad på CO₂ utslepp. Gjennom Salmon Group sine rammeavtaler vert det handla over 200 000 tonn fôr årleg, og med dette volumet er det og kategorien der SG har størst mulighet for påverknad. Salmon Group forvaltar gruppa sin eigen fôr-resept – SG-fôret. Med eigen fôr-resept har ein mulighet til å styra valg av råvarer og inklusjonsnivå, og ta gode valg for fisk, folk og klode.

Alle råvarer i føret skal være trygt for både fisk, folk og klode, og skal kunne sporast heilt tilbake til der dei først vart høsta både på land og i havet. Fôret består av fleire råvarer, fordelt i kategoriene marine råvarer, vegetabilsk råvarer, nye eller novel råvarer og mikronæringsstoffer. Kategorien marine råvarer består av fiskemjøl, fiskeolje, krillmjøl og krabbemjøl. Kategorien vegetabilsk råvarer består av guarmjøl, hestebønner, solsikkemjøl, soyaproteinkonsentrat, kveite, kveitegluten, rapsolje og linolje. Kategorien nye/novel råvarer består av mikroalgeolje og insektmjøl. Kategorien mikronæringsstoffer består av råvarer som vitaminer og mineraler.

Gjennom 2024 er det lagt ned eit stort arbeid for auka openhet om underleverandørar og råvareprodusentar. Langøy laks og Salmon Group sin forventning er full openhet om kva for leverandørar og produsentar som leverer råvarer til føret vårt, då me er lovpålagt å



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
692B28B750FF45C3BFACA9D2F70A2362

gjennomføre aktsomhetsvurderingar i leverandørkjedene våre etter åpenhetslovens § 4 b. Full openhet er enno ikkje på plass, så det arbeidet held fram i 2025.

Fyrsteleddsleverandørane våre, Biomar og Skretting arbeider etter prinsippa i «[ASC Feed Standard](#)» og har kvalitetssystem som sikrar tett oppfølging av underleverandørar og råvareprodusentar, og med tanke på menneskerettigheter. ASC-standarden tek omsyn til ei rekke ulike bærekraftsfaktorar, mellom anna krav til anstendige arbeidsvilkår og respekt for grunnleggande menneskerettigheter. Denne sertifiseringa er i dag det nærmaste næringa kjem ein garanti for at føret er etisk produsert. Sertifisering er ein omfattande prosess, men leverandørane våre vil oppnå sertifisering i løpet av 2025.

Ein anser likevel risikoen å vera høg innan enkelte råvarer, og områda ein har hatt særskilt fokus på er: Marine råvarer, Soya, Guar, Kveitegluten og Mikronæringsstoffer.

Marine råvarer

Marine råvarer vert produsert av fangstane til globale fiskeri, som mange forbinder med IUU (ulovlig, uregulert, uregistrert) fiske. IUU utgjer ein kjend risiko for overbelastning av fiskebestander, menneskehandel og brot på arbeidstakar- og menneskerettigheter.

Salmon Group er ein stor forbrukar av marine råvarer og har derfor eit særleg ansvar for, og interesse i, å sikra at alle marine råvarer stammar frå lovleg høsta og landa artar. Me har derfor krav om at marine råvarer ikkje skal stamma frå IUU fiskeri, eller frå fiskeri målretta arter som er klassifisert som truet eller kritisk trua av IUCN. Marine råvarer skal anten vera marine bi-produkt eller sertifisert etter [MSC](#) (Marine Stewardship Council), [Marin Trust](#) eller en FIP (Fishery Improvement Projects). Krill skal utelukkande vera MSC-sertifisert. Ovannevnde krav reduserer risiko for brot på arbeidstakar- og menneskerettigheter, men eliminerer han ikkje.

Kategorien var i 2024 klassifisert som høg risiko, men det vart ikkje avdekka brot på arbeidstakar- og menneskerettigheter knytta til marine råvarer i føret vårt i 2024.

Vegetabilsk råvarer

Soya - Brasil

Produksjon av soya, særskilt i Brasil, er ofte forbundet med avskoging, svekka biomangfold og dårlige arbeidsforhold. Avskoging har alvorlege konsekvensar for urfolk, lokalsamfunn, arbeidstakarar og miljøforkjemparar. Med avskoging vert urfolk ofte fråtatt rettighetane sine til tradisjonelle landområder, levegrunnlag og kultur, og med det deira rett til liv, helse, kultur og sjølvbestemmelse. Urfolk opplever og tilfeller av tvangsflytting



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
692B28B750FF45C3BFACA9D2F70A2362

og vold frå aktører som utan samtykke trenger inn på områdene deira. I områder der avskoging skjer for å rydde plass til t.d soyaproduksjon, førekjem det og tvangsarbeid, barnearbeid og dårlege sikkerhetsforhold. Vidare risikerer miljøforkjemparar, inkludert urfolksleiarar, journalistar og aktivistar, å bli utsett for truslar, forfølging og i verste fall drap.

For å redusera risiko for brot på arbeidstakar- og menneskerettigheter, skal alle soyaproduct i føret vårt vera avskogingsfritt, GMO-fritt, og sertifisert i henhold til t.d [ProTerra Standarden](#). Det vart ikkje avdekkja brot på arbeidstakar- og menneskerettigheter knytta til produksjonen av soya til føret vårt i 2024.

Soya – Russland

Ein av fyrsteleddsleverandørane våre, Skretting, nyttar m.a. soyaproteinkonsentrat som har si opprinnning frå Russland. Me anerkjenner at import av råvarer frå Russland – særskilt i lys av den geopolitiske situasjonen og sanksjonsregimet – medfører risiko for menneskerettighetsbrot og svak rettsstatleg beskyttelse. Mat og råvarer til matproduksjon vert i utgangspunktet ikkje omfatta av sanksjonsregima retta mot Russland. Det går fram av mellom anna EUs rådsforordning (EU) nr. 833/2014 med seinare endringar, der det er tatt inn eksplisitte unntak for landbruksprodukt og næringsmidler. Forordningen er innlemma i norsk rett gjennom EØS-avtala og gjeld og i Norge. Det betyr at handel med slike råvarer ikkje er forbode, men ein vurderer det som eit område for auka aktsomhet.

Risikoen for brot på arbeidstakar- og menneskerettigheter er redusert då alle soyaproduct frå Russland er sertifisert i henhold til [Europe Soya standarden](#), som inneholder krav om m.a. sporbarhet, avskoging og etterleving av EUs og internasjonale lovverk om arbeidstakar- og menneskerettigheter.

Det vart ikkje avdekkja brot på arbeidstakar- og menneskerettigheter knytta til produksjonen av soya frå Russland til vårt før i 2024. Me fylgjer utviklinga i relevante sanksjonsregimer og retningslinjer frå myndigheter og bransjeorganisasjonar. Målet vårt er å sikra at alle råvarer i føret vårt er i samsvar med norske lover, internasjonale standarder og vårt ansvar for bærekraftige og etisk forsvarlege leverandørkjelder.

I 2025 har Langøylaks kjøpt føret sitt frå Biomar, gjennom Salmon Group.

Guar

Guar dyrka i India medfører ein stor risiko for barnearbeid sidan denne råvara vert dyrka på små familiedrevne gårdar der borna i familien deltek aktivt i drifta av gården. Dette har og den konsekvensen at borna i mange tilfeller får ein mangelfull skulegang som



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
692B28B750FF45C3BFACA9D2F70A2362

hindrer deira vidare personlege utvikling, og dermed og den lokale samfunnsmessige utviklingen i eit lengre perspektiv. Leverandøren vår, Biomar, gjennomførte tidleg i 2024 fysiske revisjoner av produksjonsanlegg, besøk av gårder og intervjuer i India. Det vart ikkje avdekkta brot på arbeidstakar- og menneskerettigheter knytta til produksjonen av guar i 2024, men saman med leverandørane våre vil me framleis ha fokus på denne råvara i åra som kjem.

Kveitegluten

Seint i 2024 vart det avdekkta at ein liten andel av råvara kveitegluten vert produsert i Kina, eit land med høg risiko for brot på arbeidstakar- og menneskerettigheter. Me vil ha fokus på å innhente informasjon om, og vurdera risiko av desse produsentane i 2025.

Mikronæringsstoffer

Ein stor andel av mikronæringsstoffa vert produsert utelukkande i Kina, eit land med høg risiko for brot på arbeidstakar- og menneskerettigheter. Me vil framleis ha fokus på denne råvara i samarbeid med fyrsteleddsleverandørane våre.

3.3 Resultat av aktsomhetsvurderinga

Salmon Group og Langøylaks jobbar systematisk gjennom året for å fylgja opp leverandørane våre, og saman med dei, underleverandørar og råvareprodusenter. Gjennom arbeidet med oppfølging av menneskerettigheter i leverandørkjeda vart det i 2024 avdekkta éin ny potensiell risiko i leverandørkjeda for fôr: Kveitegluten produsert i Kina.

Det er ikkje avdekkta andre nye eller ytterlegare risiko i leverandørkjeda.

4. TILTAK FOR Å STOPPA, FOREBYGGJE ELLER AVGRENSE NEGATIVE KONSEKVENSAR

Langøylaks saman med Salmon Group iverkset tiltak på alvorlighetsgrad, sannsynlighet og mulighet for gjenoppretting. I tråd med dette har me etablert ein rutine der me fylgjer opp leverandørane våre basert på deira risikokategori.

Fordi Salmon Group har langvarige kontraktsforhold og løpende dialog med leverandørane, samt at Salmon Group og forhandlar og forvalter avtaler på vegne av ei stor gruppe selskap, så har Langøylaks gjennom dette samarbeidet ein ikkje-ubetydeleg mulighet for påverknad, og kan over tid jobba med tiltak for å forbetra forhold i leverandørkjeda.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
692B28B750FF45C3BFACA9D2F70A2362

For leverandørane kategorisert som medium risiko tek me ei samla årleg gjennomgang av den interne risikokartlegginga vår. Gjennom regelmessig overvåkning kan ein avdekka om det er forhold som tilseier at me treng iverksetja ytterlegare undersøkingar.

Krava ein stiller i innkjøpsavtalene er og med å avhjelpe risikoen for brot på menneskerettigheter og arbeidsvilkår i leverandørkjedene.

Ein har så langt ikkje identifisert faktisk negative konsekvensar i verksemda eller i leverandørkjeda, men vil i åra som kjem fylgja opp risiko ein avdekkar i leverandørkjeda for før.

4.1 Overvåking av tiltak – gjennomføring og resultat

Rutiner for overvåking

Leder for Innkjøp og Bærekraft i Salmon Group har det overordna ansvaret for å overvåke gjennomføringa og resultatet av iverksatte tiltak. Salmon Group har følgjande rutiner for overvåking av gjennomføringa:

Vi overvåker gjennomføringa og effekten av verksemda sine interne forpliktelsar, aktiviteter og mål for aktsomhetsvurderinger.

Vi utfører interne og/eller tredjepartsverdieringar eller revisjoner av oppnådde resultat, og kommuniserer resultata på relevante nivå internt i verksemda.

Vi krev jevnleg tilbakemelding frå leverandørane våre for å få bekrefta at risikoreduserande tiltak vert fulgt, og/eller for å stadfesta at skade faktisk har vorte forhindra eller redusert.

Vi vil forvente jevnleg tilbakemelding frå representantar og fagforeningar for dei berørte arbeidstakrar.

Vi gjennomgår rapporter som blir gitt ut om fôrråvarer, følger med på bransjeundersøkelser og er aktivt medlem i flere bransjeorganisasjoner.

På bakgrunn av desse tiltaka vert det produsert ein framdriftsplan for gjenopprettingsarbeidet som jevnleg vert oppdatert.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
692B28B750FF45C3BFACA9D2F70A2362

4.2 Kommunikasjon med berørte interesser og rettighetshavere

Selskapet har ikke avdekket brot på menneskerettigheter eller anstendige arbeidsforhold i 2024.

4.3 Gjenoppretting og erstatning

Selskapet har ikke avdekket tilfeller som krev gjenoppretting i 2024.

MØKSTER

20.06.2025

Karsten Inge Møgster

Tom Rydland

Dagleg leiar

Styreleiar

Ingrid Møgster

Rasmus Bjånesøy

Styremedlem

Styremedlem

Johannes Njåstad Møgster

Hilde Drønen

Styremedlem

Styremedlem



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
692B28B750FF45C3BFACA9D2F70A2362



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
692B28B750FF45C3BFACA9D2F70A2362